

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke:

Før-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. -

Herad:

Heimstrand

Emne:

Gamal engkultúr

Bygdelaq:

Oppskr. av:

Jon Skogstad

Gard:

(adresse):

Heimdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I

a)

SVAR  
 Ja ja, men helst brukar ein innumark og  
 utmark. b) ja. iallfall ekre, men også atleget.  
 Ekre vil segja eit jordslykke med jamn gras-  
 sword. Atleget var ei ekre som hidlegare  
 hadde vore åker.

d)

Sjukkeng og småeng er kjende uttrykk.

e)

Hesthøj, sauhøj og resten til kufos.

f)

Stutterovs har ikkje vore brukte her.

Difer heller ikkje langarvslatter og stuttorvelletter.  
 Utslatter var sjeldan eller aldri ridda.

II

Innumarka-serleg gropetkrene måtte reinast  
 for stein og kvist. «Rydja eng».

III

Har ikkje høyrd noko særskild om mosevaksen  
 jord, heller ikkje at dei sådde heimearva  
 frø. Først 1880-90 åra tok dei for alvor til  
 å så grasfrø i åkrar som skulde leggjast  
 att til eng. Ikkje alle ha tru på dette  
 som omanner som sådde i «klover og fett»  
 att bære spær (nemleg skrepp-hestehov).

IV

No og til tok dei grefter om ikkje i angr  
 så i alle fall på åker og eng. Greftene  
 var helst for grønne og attsett med stein.  
 Det var ikkje alle som var tilbudd å selje  
 att ei steingreft. (Har vart helst hidlegare  
 ikkje brukte greft, men «reit».

- V a) Ikkje utelåter, men engar på iingjorden.
- b) Ja gjødsla åker og eng har nok vort brukte fra gamal tid.
- c) Gjorparlen av gjødsla vort brukte på åkeren.
- d) Nei, såremot vilde ein ikkje ha på eng, då det var så mykje nedtrampa høg i den.
- e) Det var berre den gjødsla som vort att, når åkeren hadde fått sitt, som engar fekk. Ved hundraårs skiftet og kanskje litt fører tok dei meire omsyn til den flytande gjødsla, somla den i kummar i ffrætkjellaren, tappa den på fustasjer, med ein roterande anare krane i enden, la fustasjer på ei fellvogmaksel, fylle den med "laud" og kôjrd ut på jorden og spredde der gjødsla.

VI  
VII  
VIII

Fræning - tjukkeng  
Nei. Resten av pkt. VII fell bort.

- a) Engar vort gjødsla om våren.
- b) Ja. c) Gjødsla vort kôjrd ut i bikkvogner lagt i små dunger, som så vort rota ut over eller breid med ei "harte" (som ei rive med 5-6 linnar av jern - eit fryktelig verktyg). Lea künde ein kôjre sloe over jorden for å mylde fram god med.

"Harka" vort seinare bytta med englek gaffel.

- IX a) Ja. b) Nei, tvertimot. "Vårknipa" hadde skulda for at det vort vår- og haustbeit.
- c) Nei, d) Nei.

X No vil ein ha minst omogeles av beiting på slåttemark, derimot er kultarbeite mykje i bruk. Dette skifte har gått for seg i den siste maansaldren. Mange har kùbrøer, som ikkje er eigna til slåttemark, utlagt til beite.

XI

Ein gjekk utover jorden og spreidd kårer eller hestråer. Det var om våren, og her var delvis "harka" i bruk. Ein vanleg berive vart for vit. Seinare var brukta gaffel.

XII a)

Noko anna slags reidskap har eg ikkje høyrdom.

b)

I godver låg dei ute. Tallet har sommarfjøs vore brukta, og desse stod ved utmarka.

c)

Gjødsla vart høgd utover på dyrkajorda. Nei, eg veit ikkje om at same garden hadde meir enn eit sommarfjøs.

d)

Gjødsla vart spreid om våren.

XIII

Dei vart oftast jaga inn i ei mindre "brø" men somme kunde vera fleire mål.

XIV

Eg veit ikkje at kyrne var sleigde inne, men somme hadde somme tider ei kve, som vart flytta no og då. Når kyrne skulde mjølkast, vart dei somme tider høst i ei mindre brø og boka fast til ein av potane. Sauegrindene var berre brukta på auz.

XV

Ukjend her.

XVI

Tell bort.

XVII

Det har eg aldri høyrd tale om.

XVIII

Nei. Ukjend.

XIX

ei "brø", brøa. d'ei høyrdest aldri, Skogbrøa, Kalvbrøa, Flmilbrøa o. s. b.

XX

Ja, men no er alle sekur medtagne.

XXI

Mest berre husedyrgjødsl, men også beinmjøl, "grakke" og småeld, når det var nok av ho.

3427



Jon Skogstad

S. Th.  
Leinstrand

3354


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Ukjent her.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel ? *Nei.*